



Arkivnr: 2014/13171-2  
Saksbehandlar: Eva Katrine Ritland Taule

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Regional plan for Nordfjella - vedtak av plan

### Samandrag

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok 29. august 2013 å leggje forslag til Regional plan for Nordfjella, datert 01.07.2013, ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist vart sett til 1. november 2013. Tilsvarende vedtak vart fatta i fylkesutvala i Buskerud og Sogn og Fjordane. Høyringa er no gjennomført og styringsgruppa for planarbeidet har drøfta høyringsinnspela. Med bakgrunn i dette er det gjort nokre mindre endringar i planen. Det er ei samstemt styringsgruppe som gjev si tilråing til Regional plan for Nordfjella. Fylkesrådmannen rår til at Fylkestinget vedtar planen slik den no ligg føre.

### Forslag til innstilling

1. I medhald av plan- og bygningslovas §8-4 vedtar Fylkestinget i Hordaland Regional plan for Nordfjella, med plankart og planrapport datert 06.01.2014.
2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eige sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.
3. Vedtaket vert gjort med føresetnad av at dei to andre fylka fattar likelydande vedtak.

Johnny Stiansen  
fung.fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.04.2014****1. Bakgrunn for saka**

Planprosjektet har bakgrunn i Miljøverndepartementets oppdrag til fylkeskommunane (i brev datert 12. april 2007) om å utarbeida ein plan «for en helhetlig forvaltning av fjellområder som er spesielt viktige for villreinens framtid i Norge». Planane skulle «fastsette langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder». Nordfjella er eit av fleire fjellområde der slike planar er utarbeidd.

**2. Planprosess**

Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud fylkeskommunar har samarbeidd om dette oppdraget for Nordfjella. Planen gjeld kommunane Voss og Ulvik i Hordaland fylke, Hol, Ål og Hemsedal i Buskerud fylke samt Aurland og Lærdal i Sogn og Fjordane fylke.

Planarbeidet har vore gjennomført som eit prosjekt under leiing av ei politisk dominert styringsgruppe med ein sentral politiskar frå kvar kommune, to fylkespolitikarar frå kvart fylke, fylkesmannen i dei tre fylka og leiar av villreinnemda som medlemer.

Buskerud fylkeskommune har hatt leiinga av prosjektet. Runolv Stegane har vore leiar av styringsgruppa, mens Ellen Korvald har vore prosjektleiar.

Viktige milepælar i arbeidet har vore:

- Oktober 2010 – oppstartsmøte
- Hausten 2011 – planprogram vedtatt i fylkesutvala i alle dei tre fylka (Fylkesutvalet i Hordaland 10.11.2011, saknr. 207/11)
- Juni 2013 – styringsgruppa rådde til høyringsversjon av planen
- August 2013 – vedtak om høyring i alle tre fylkesutvala (fylkesutvalet i Hordland 29.08.2013, saknr. 187/13)
- 6. januar 2014 – samstemt styringsgruppa rådde til føreliggjande planforslag for slutthandsaming i fylkesutval og fylkesting.

Fylkesutvalssak 187/13 gjev meir utfyllande informasjon om planforslaget og planprosessen fram til høyringa.

**3. Høyring**

Høyring og offentlig ettersyn av planen vart kunngjort i 5 aviser (Hardanger Folkeblad, Hordaland, Hallingdølen, Sogn Avis og Bergens Tidende) knytt til distriktet 11. eller 12. september 2013.

Brev om høyringa, datert 02.09.2013 vart sendt 246 adressatar. På adresselista stod aktuelle kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, statlege fagetatar, lag og organisasjonar innanfor næring, grunneigarinteresser, villreinforvaltning, natur og friluftsliv, samt hytteforeiningar.

Det kom inn 49 fråsegner under høyringa. Desse vart lagt fram for styringsgruppa i møte 6. januar 2014. På nettsida [www.regionalplan.nordfjella.no](http://www.regionalplan.nordfjella.no) ligg informasjon om høyringsprosessen med lenkjer til:

- Innkomne høyringsbrev
- Sakspapir til styringsgruppemøte 6. januar 2014, med mellom anna oppsummering av kvar einiskild høyringsfråsegn og vurdering av desse.

Høyringspartane hadde særleg fokus på:

- Raudafjell definert som nasjonalt villreinområde eller som randområde.
- Retningslinjene knytt til rydding av snø på Rallarvegen.
- Moglegheiter for meir differensiert bruk av areala aust for Fanitullvegen i Ål og Hemsedal.

- Moglegheiter for reiselivsutvikling i Systerskard i Hemsedal.
- Omtale av vassdragsregulering.
- Moglegheiter for tamreindrift.
- Retningslinjer om gjerding.

Styringsgruppa gjorde i si siste drøfting (06.01.14) nokre endringar med bakgrunn i høringa. Dei viktigaste endringane er ei forsiktig oppmjuking i retningslinjene knytt til Rallarvegen og Systerskard.

#### 4. Hovudtrekk i styringsgruppas planforslag

Planen som no vert lagt fram består av:

- Planrapport med retningslinjer
- Plankart (M 1:150 000 i A1-format)

Den interkommunale planen frå 1998 har vore utgangspunkt for den regionale planen. Men oppdatert og ny kunnskap, lokale prosessar knytt til planarbeidet, intern høyring der styringsgruppas medlemmer hadde høve til «utsjekk» og drøfting i eigne fora lokalt og regionalt, samt heilskaplege vurderingar i høve til oppdraget, gir ein annleis plan enn 1998-planen. Ei viktig endring er også at Raudafjell i Voss kommune er inkludert i denne planen. Bakgrunn for dette er at villrein dei siste åra igjen har tatt dette området i bruk.

Areala i Regional plan for Nordfjella er delt inn i følgjande soner:

- Nasjonalt villreinområde
- Randområde
- Stasjonsstader
- Forsvarets område

Planen er avgrensa slik at dei største utbyggingsområda ligg utanfor planområdet.

Skilnaden mellom dei fire ulike arealsonene er særleg knytt til rammer for ferdsel, utmarksnæring samt noko utbygging. Dei ulike sonene er kort skildra nedanfor.

<b>Arealsoner</b>	<b>Kort skildring og viktige rammer</b>
Nasjonalt villreinområde (85,8% av arealet)	Omfattar dei viktigaste leveområda for villreinstamma i Nordfjella og skal ivareta villreinens behov på kort og lang sikt. Av omsyn til villrein er dette den strangaste sona. Landbruket har rammevilkår som i eitkvart LNF-område. Det skal ikkje byggjast nye fritidsbustader eller turisthytter. Det skal normalt ikkje etablerast nye stier og løyper.
Randområde (11,4% av arealet)	Randområda inkluderer leveområde for villrein som ikkje er definert som nasjonalt villreinområde, samt ei buffersone utanfor dette i Ål kommune. Dette er viktige område for friluftsliv og ferdsel. Nye stiar og løyper kan etablerast. I denne sona finst ein del hytteplanar som kan gjennomførast som planlagt, men det vert ikkje opna for nye planar. Kommunane skal gje rammer for påbygg og tilbygg på etablerte fritidsbustader. Utmarksnæring har vidare rammer enn i nasjonalt villreinområde ved at Landbruk Pluss-næring, utanfor plan- og bygningslovas landbruksomgrep, kan etablerast med føresetnad av at villreinens behov er tilstrekkeleg ivaretatt og kommunal planavklaring. Generelt er rammene for aktivitet mindre strenge enn i villreinområdet, men også her skal det takast omsyn til villrein.
Stasjonsstader (0,3% av arealet)	Omfattar nokre mindre stader langs Bergensbanen med togstopp og fritidssamfunn som naturleg inngår i planområdet. Kommunane kan her avklare vidare utvikling i eigne planar, men det vert forventa ei forsiktig og stadstilpassa utvikling.
Forsvarets område (2,6% av arealet)	Omfattar forsvarers skyte- og øvingsfelt på Mjølfjell, samt Øyradalen i Lærdal som Forsvaret nyttar til sprenging. Regional plan for Nordfjella oppmodar til å ta omsyn til villrein og friluftsliv.

Fleire detaljar om dei einiskilde sonene går fram av retningslinjenes §§ 2 og 3.

### 5. Særleg omdiskuterte spørsmål

Styringsgruppa har gjennom heile prosessen hatt mange gode og konstruktive drøftingar, av til dels vanskelege spørsmål. Dei mest omdiskuterte spørsmåla gjennom planprosessen har vore:

- *Grensa mellom villreinområde og randområde* rundt Hallingskarvet i Hol, i Kvammadalen i Aurland og ved Systerskard i Hemsedal, samt særlege retningslinjer for desse områda.

Styringsgruppas konklusjon er her:

- Det alt vesentlege av bremsen rundt Hallingskarvet vert definert som randområde. Retningslinjene føresetjar at nye stiar og løyper, med omsyn til villreinens arealbehov, i størst mogleg grad skal leggjast langs ytterkanten av bremsen.
- Areal i Kvammadalen er definert som randområde. Sjølv om det er randområde skal reiselivsutvikling her kunne utgreiast og planleggjast.
- Systerskard vert definert som randområde for å gi friluftaktivitetar noko større handlingsrom. Retningslinjene seier at eventuell utvikling av reiseliv må vurderast ved rullering av kommuneplan for Hemsedal.
- *Områda aust for Fanitullvegen*: med unntak av Systerskard, som er definert som randområde, følgjar grensene for randområde og nasjonalt villreinområde grensene frå 1998-planen.
- *Rammer for utmarksnæring*: I randområda vert det opna for at kommunane på visse vilkår skal kunne planlegge for Landbruk Pluss-verksemd som ikkje inngår i plan- og bygningslovas landbruksomgrep. Rettleiar T1443 frå Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet definerer dette nærmare.
- *Tamreindrift* er uforlikeleg med villrein og vert ikkje tillate.
- *Rallarvegen*: Det vert høve for manuell åting og rydding av snø etter 1. juni med sikte på farbar veg frå 1. juli.
- *Raudafjell* er nytt areal i høve til 1998-planen. Raudafjell skal i hovudsak vere nasjonalt villreinområde, men inngår ikkje i forvaltningsområde for villrein i Nordfjella.

*Forslaget til plan er samstemt tilrådd av styringsgruppa.*

### 6. Verknad av planen

Regionale planar skal, jamfør plan- og bygningslova, leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Den regionale planen gjev ikkje juridisk binding. Retningslinjenes §1 slår fast at den regionale planen er retningsgjevande. Planen skal følgjast opp gjennom implementering i kommunale planar.

Tidlegare vedtekne reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av denne planen. Vedtekne kommune(del)-planar gjeld inntil neste kommuneplanrevisjon.

### 7. Handlingsplan

For at Regional plan for Nordfjellaskal få den verknaden den er meint å få, er det føresett at alle aktørar vidareførar intensjonane og føringane i meir utdjupande og bindande planlegging, i forvaltning, gjennom dialog og ved gjennomføring av nye kunnskapssøkjande prosjekt.

Planrapporten (kap.7) skisserer følgjande oppgåver:

- Nordfjellaråd
- Oppfølging av fokusområde
- Kommunale planoppgåver

- Kommuneplan
- Motorferdselsplan
- Sti- og løypeplan
- Friluftsliv og villrein
  - Informasjon
  - Varslingsrutinar
  - Vurdere omlegging av sti- og løypetraséar
- Kvammadalen
- Vegar og villrein
- Villreinfokus i vilkårsrevisjonar
- Dialog med Forsvaret om lågtflyging
- Vidare planoppfølging

Plandokumentet utdjupar noko. Men etter at den regionale planen er vedteken, bør desse punkta konkretiserast i eit oppfølgjande handlingsprogram der faglege rammer, tid for gjennomføring, prosjektansvarlege og kostnader vert meir konkretisert. Handlingsprogrammet kan da verte noko justert. I høve til punkta ovanfor. Det vert foreslått ei oppfølgjande politisk sak om handlingsprogrammet.

## 8. Konsekvensutgreiing

Planrapportens kapittel 8 gjev ei konsekvensutgreiing i samsvar med krava i plan- og bygningslova og naturmangfaldlova. Kapitlet tar for seg verknadene av planforslaget for miljø og samfunn, verknad av planavgrensing og einskildområde, samt særskilt vurdering etter naturmangfaldlova. Villrein og reiseliv er gitt særleg merksemd.

## 9. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at framlagte planforslag svarar på oppdraget som opphavleg vart gitt i oppdragsbrev frå Miljøverndepartementet 12. april 2007. Arbeidet er i hovudsak gjennomført i samsvar med planprogrammet.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte Regional plan for Nordfjella vert vedtatt.

Dersom fylkestinget er usamd i planforslaget eller forslag til vedtak, rår fylkesrådmannen til at fylkestinget sender saka attende med endringsforslag. Styringsgruppa bør da kallast inn att for å vurdere endringsforslag og etter dette fremja nytt sameint forslag. Dette fordi det er naudsynt at dei tre fylka vedtar identiske planar.

Dersom alle tre fylkestinga vedtar likelydande plan, vil den i medhald av plan- og bygningslovas §8-4 verte sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til orientering.